



## Blåresept § 2-90: Palliativ behandling i livets slutfase

Blåreseptforskrifta § 2 refusjonskode -90 omfattar palliativ behandling i livets slutfase, uavhengig av diagnose. Pasientane betalar ikkje eigenandel for legemiddel som blir dekkja på blå resept under § 2 -90. Alle legar kan rekvirere legemiddel på blå resept på § 2 -90, det er som regel ikkje krav til spesialistkompetanse for refusjon etter denne refusjonskoden. Det generelle kravet om at det skal vere behov for legemiddelet i minst tre månader gjeld ikkje ved refusjon på § 2 -90.

Livets slutfase er i denne samanheng definert (av Statens legemiddelverk) til å vere når kurativ behandling som mål er avslutta eller umogeleg.

Legemiddel i følgjande legemiddelgrupper har førehandsgodkjent refusjon etter § 2 -90:

- |  |  |
|--|--|
| • Paracetamol  | • Hostestillande og slimløysande middel                  |
| • NSAIDs   | • Søvnframkallande og roande middel                      |
| • Opioid   | • Kortikosteroid   |
| • Antidepressiva   | • Kvalmestillande middel                                 |
| • Antiepileptika   | • Avførande og stoppande middel                          |
| • Antipsykotika  | • Antiinfektiva  |
| • Apotekframstilte, vanedannande legemiddel, <i>sjå tabell under</i> | • Protonpumpehemmarar, saltsyresekresjonshemmande middel |
| • Innhald i smertekassetar   | • Oktreotid  |
| • Lavmolekylært heparin  |  |

Legg merke til at ikkje alle legemiddel i dei ulike gruppene vert automatisk dekkja på blå resept. I tillegg blir enkelt andre legemiddel også dekkja som glykopyrron, butylskopolamin, baklofen, ketamin og nokre antihistamin. Kva preparat som har refusjon kan sjekkast ut i [Legemiddelverket sitt refusjonssøk](#) eller på [Felleskatalogen](#) sine nettsider, ved å trykke på T i omtalen av legemiddelet.

Nokre verkestoff har førehandsgodkjent refusjon til bruk i smertekassetar og i andre apotekframstilte legemiddel, til palliativ behandling i livets slutfase:

ATC-kode	Verkestoff	ATC-kode	Verkestoff
A03BB01	Butylskopolamin	N02AE01	Buprenorfin
A03FA01	Metoklopramid	N02AG01	Morfin og spasmolytika
A07DA02	Opium	N02AG02	Ketobemidon og spasmolytika
N01AH01	Fentanyl	N02AX02	Tramadol
N01AX03	Ketamin	N05AD01	Haloperidol
N02AA01	Morfin	N05BA01	Diazepam
N02AA02	Opium	N05BA04	Oxazepam
N02AA03	Hydromorfon	N05CD08	Midazolam
N02AA05	Oksykodon	N07BC02	Metadon
N02AB01	Ketobemidon	R05DA04	Kodein
N02AB03	Fentanyl		



For alle disse verkestoffa gjeld følgjande refusjonsinformasjon:

<u>Refusjonsberettiget bruk:</u> Til bruk i smertekassetter og andre apotekfremstilte legemidler ved palliativ behandling i livets slutfase. Det ytes også refusjon for andre legemidler som tilsettes i samme blanding.						
<u>Refusjonskoder:</u>						
<b>ICPC</b>			<b>ICD</b>			
<b>Kode</b>	<b>Tekst</b>	<b>Vilkår</b>	<b>Kode</b>	<b>Tekst</b>	<b>Vilkår</b>	
-90	Palliativ behandling i livets slutfase	117,136	-90	Palliativ behandling i livets slutfase	117,136	
<u>Vilkår:</u>						
117	Behandlingen skal være instituert i sykehus. Markedsførte alternativer skal ha vært forsøkt, men kan ikke benyttes. Det er ikke nødvendig å prøve andre markedsførte alternativer dersom legen finner at det er åpenbart at slike legemidler ikke dekker pasientens behov.					
136	Refusjon ytes selv om legemidlet skal brukes i mindre enn tre måneder.					

(Dette er henta frå Statens legemiddelverk, Refusjonslisten – refusjonssøk. [Liste over virkestoff med forhåndsgodkjent refusjon](#)).

Alle blå reseptar etter § 2 -90, også reseptar med A- og B-preparat, kan reitererast.

Spesielt for refusjonskode § 2 -90 er at enkelte legemiddel utan marknadsføringstillatelse (uregistrerte preparat) vert refunderte. Deksametason 0,5 mg tablettar (Dexamethason og Fortecortin) og som 4 mg/ml injeksjonsvæske (Dexagalen og Fortecortin) og syklizin 50 mg/ml injeksjonsvæske (Cyclizine og Valoid), som alle er uregistrerte, er tekne opp i preparatlista og blir automatisk dekkja på blå resept § 2 -90. Det er knytt vilkår til refusjon av desse uregistrerte legemidla: Bruken skal vere instituert i sjukehus og marknadsførte preparat skal ha vore forsøkte, eller det skal vere openbart at marknadsførte preparat ikkje kan brukast. Det må fyllast ut [søknad om registreringsfritak](#) for Dexamethason, Dexagalen, Fortecortin og Cyclizine, i tillegg til blå resept. Søknad om refusjon (til Helfo) for desse preparata er ikkje nødvendig.

Deksametason tablettar 1 mg og 4 mg er marknadsførte, og er ikkje lengre uregistrerte, og kan skrivast direkte på blå resept med refusjonskode §2 -90 (utan registreringsfritak).

Oppdatert august 2022.